



KI-notat nr.: 13/2013 - Bakgrunn for vedtak

Søker/sak:	Lerøy Midnor AS/Søknad om konsesjon for uttak av vatn frå Sandåa		
Fylke/kommune:	Møre og Romsdal/Halsa		
Ansvarleg:	Gry Berg	Sign.:	<i>Gry Berg</i>
Sakshandsamar:	Bård Ottesen	Sign.:	<i>Bård Ottesen</i>
Dato:	02 JUL 2013		
Vår ref.:	NVE 201105523-21		
Sendast til:	Søker og alle som har uttala seg til saka		

Søknad om løyve til uttak av vatn frå Sandåa i Halsa kommune, Møre og Romsdal fylke

Innhald

Samandrag	1
Søknad	2
Høyringsuttalar	4
NVEs vurdering	6
NVEs konklusjon	8

Samandrag

Tiltaket ligg i Halsa kommune i Møre og Romsdal. Lerøy Midnor, avd. Botn Settefisk, har eit mellombels løyve til vassuttak og søker no om permanent løyve til å ta ut vatn frå elva Sandåa i Valsøybotn. Botn settefisk ønskjer å ta ut vatn frå Sandåa ved kote 45. Eksisterande vassinntak og røyrgate skal nyttast, det vert ingen nye inngrep i vassdraget. Påverka elvestrekning er ca. 700 m (frå kote 45 til sjøen). Det er planlagt å sleppe ei minstevassføring på 100 l/s (6 m³/min) heile året, dette tilsvare dagens krav til minstevassføring i Sandåa. Inntaket i Sandåa skal i utgangspunktet fungere som ei tilleggsvasskjelde under biomassetoppar i produksjonen. Utover dette vil det vere aktuelt å ta vatn frå Sandåa dersom ein nærmar seg LRV i hovudvasskjelda i Reinslivatnet.

Halsa kommune kan ikkje sjå at eit permanent løyve til vassuttak, vil ha merkbar negative konsekvensar i forhold til gjeldande arealplanar for området eller bruken av området. **Fylkesmannen i Møre og Romsdal** og **Mattilsynet** har ikkje vesentlege merknader til at Lerøy Midnor får halde fram med å nytte Sandåa som tilleggsvasskjelde.

NVE ser positivt på at dagens vassuttak vert formalisert gjennom ein konsesjonsprosess. Røyrtraseen, vassinntak og inntakshus er installasjonar som allereie er bygd ut. NVE vurderer at ei vidareføring av vassuttaket slik det har vore fram til i dag, ikkje vil få ytterlegare negative verknadar for omgjevnadane. NVE meiner at det verken i søknaden eller i høyringsuttalane er kome fram noko som tilseier at tiltaket vil ha vesentlege ulemper for allmenne eller private interesser.

Etter ei heilskapleg vurdering av planane og dei innkomne uttalane meiner NVE at fordelane av det omsøkte tiltaket er større enn skadar og ulemper for allmenne og private interesser slik at kravet i vassressurslova § 25 er oppfylt. NVE gjev Lerøy Midnor AS løyve etter vassressurslova § 8 til uttak av vatn frå Sandåa. Løyvet vert gjeve på nærare fastsette vilkår.

Søknad

NVE har motteke følgjande søknad frå Lerøy Midnor AS, datert 17.01.2012:

"Lerøy Midnor AS ønsker å utnytte vannet i elva Sandåa i Valsøybotn i Halså kommune i Møre og Romsdal fylke, og søker herved om følgende tillatelser:

I Etter vannressursloven, jf. § 8, om tillatelse til:

- uttak av vann til Lerøy Midnor avd Botten settefiskanlegg fra inntak i elva Sandåa ved 45 moh.

Nødvendig opplysninger om tiltaket fremgår av vedlagte utredning."

Botn settefiskanlegg, hovuddata		
TILSIG	Hovudalternativ	
Nedbørfelt	km ²	23,4
Årleg tilsig til inntaket	mill.m ³	70,5
Spesifikk avrenning	l/s/km ²	56
Middelvassføring	m ³ /s	1,3
Alminneleg lågvassføring	l/s	117
5-persentil sommar (1/5-30/9)	l/s	292
5-persentil vinter (1/10-30/4)	l/s	243
VASSUTTAK		
Inntak	moh.	45
Avlaup	moh.	0
Lengde på berørt elvestrekning	M	700
Tilløpsrøyr, diameter	Mm	400
Tilløpsrøyr lengde	M	520
Slukeevne, maks	l/s	240
Maksimalt tal smolt	stk.	2 500 000

Til sjø

Gjennom tilaupsrøyr

Om søkjar

Søkjar er Lerøy Midnor AS, som er eit integrert havbruksselskap frå smoltproduksjon til vidareforedla produkt. Lerøy Midnor AS har saman med Lerøy Hydrotech AS, 10 settefiskanlegg, 54 matfiskkonsesjonar for laks, slakteri og foredlingsanlegg i Midt-Noreg.

Skildring av området

Sandåa munnar ut inst i Valsøyfjorden i Halså kommune. Nedbørfeltet til Sandåa ved utløp til sjø er 30,8 km². I nord ligg Litlvatnet (506 moh.) og Fjærlivatnet (424 moh.) som drenerer til Sandåa via Fjærlielva. Midt i nedbørfeltet ligg Botnavatnet (358 moh.) som er den største innsjøen i vassdraget. I aust strekkjer nedbørfeltet seg opp mot Hardbakkfjellet (841 moh.) som høgste punkt. Den austlege delen av nedbørfeltet drenerer via Grøndalen til Botnavatnet. I sør ligg Litltreinslivatnet (192 moh.) og

Reinslivatnet (153 moh.) som drenerer nordover via Tverråa og møter Sandåa like før utløp til Valsøyfjorden.

Eksisterande inngrep i vassdraget

Reinslivatnet er hovudvasskjelde for settefiskproduksjon ved Lerøy Midnor AS si avdeling i Botn. Settefiskanlegget fekk 08.03.1996 løyve etter vassdragslova til å regulere og ta ut vatn frå Reinslivatnet til settefiskproduksjon. Det vart gitt løyve til å regulere Reinslivatnet med 1,5 m og til eit vassuttak frå Sandåa. Det vart sett krav til ei minstevassføring i Tverråa på 25 l/s (1,5 m³/min) og i Sandåa på 100 l/s (6 m³/min). Frå Sandåa skulle uttaket stoppast når den naturlege vassføringa var lik eller mindre enn 100 l/s (6 m³/min). Løyvet hadde ein gyldigheit på 15 år.

Lerøy Midnor AS fekk 04.07.2005 løyve til uttak av vatn og utvida regulering av Reinslivatnet, samt bygging av minikraftverk i Tverråa. I 2009 vart løyve til bygging av minikraftverk skilt ut i eit eige løyve. I løyve av 31.03.2009 (erstatta løyve frå 2005) er det gitt tilgang til ei større regulering av Reinslivatnet, på 2,5 m. Løyvet omfattar ikkje vassuttak frå Sandåa fordi dette ikkje var omsøkt. Uttak av vatn frå Sandåa har sidan vore regulert av løyvet av 08.03.1996. Dette løyvet gjekk ut 08.03.2011, og Lerøy Midnor AS søkte ikkje om forlenging i tide. Selskapet har no eit mellombels løyve til å ta ut vatn frå Sandåa i påvente av ein søknad om permanent løyve.

Forutan inngrep knytt til uttak og regulering av vatn til produksjon av settefisk og vasskraft, er det bygd veg fram til Reinslivatnet og Botnavatnet. Det ligg hytter i området rundt begge vatna, særleg ved Botnavatnet er det mange hytter.

Eksisterande vassuttak for Botn Settefisk i Sandåa ligg ca. 700 m frå utløp, like oppstraums ein foss som utgjør vandringshinder for anadrom fisk. Frå inntaket går vatnet inn til eit vasshus og frå vasshuset går vatnet vidare i 400 mm nedgrave røyr ned til settefiskanlegget.

Teknisk plan

Fysiske tiltak

Eksisterande inntak skal nyttast slik som i dag. Vassinntaket er lokalisert like ovanfor den nedste fossen i vassdraget. Det går røyr frå elva og inn til eit vasshus som er ca. 3 x 3 m. Overskotsvatn renn over ei rist og tilbake til elva.

Eksisterande røyrgate skal nyttast slik som i dag. Dimensjon på vassleidningen er 400 mm, og lengde er ca. 520 meter.

Det er ikkje planlagt nye vegar, massetak eller deponi i samband med tiltaket.

Arealbruk og eigedomsforhold

Det skal ikkje gjerast endringar på eksisterande infrastruktur. Lerøy Midnor avd. Botn Settefisk har skriftleg avtale med Halså kommune om retten til bruk av vatn frå Sandåa.

Forholdet til offentlege planar

Kommuneplan

Det føreligg ein godkjent kommunedelplan for Valsøybotn; arealbruken ved inntaksstaden er Landbruks-, natur- og friluftsmål (LNF), sone A med generelt forbod mot bygging.

Areala langs Sandåa ned til sjøen er avsett til byggeområde, idrettsformål (stadion) og delvis LNF-område. I tillegg føreligg ein godkjent reguleringsplan, stadfesta 09.07.2007 som omfattar nedre del av Sandåa, opp til og med fossefallet. Det regulerte området som kjem nær vasstrengen er vist som friluftsområde og naturvernområde. Landområdet er i hovudsak vist som område for jordbruk og skogbruk samt friluftsområde på land og badeplass/turområde/friluftsscene.

Verneplan for vassdrag

Vassdraget er ikkje verna.

Inngrepsfrie område (INON)

Tiltaket fører ikkje med seg nye tyngre tekniske inngrep, og vil derfor ikkje redusere inngrepsfrie naturområde.

Nasjonale laksevassdrag

Vassdraget er ikkje eit nasjonalt laksevassdrag.

Høyringsuttalar

Søknaden er handsama etter reglane i kapittel 3 i vassressurslova. Den er kunngjort og lagt ut til offentleg ettersyn. I tillegg har søknaden vore sendt lokale myndigheiter og interesseorganisasjonar, samt involverte partar for uttale. NVE var på synfaring i området den 4.10.2012 saman med representantar for tiltakshavar. Søkjar har fått høve til å kommentere høyringsuttalane.

Oppsummering frå høringspartane er referert der slike føreligg. Andre uttalar er forkorta av sakshandsamar. Fullstendige uttalar er tilgjengelege via offentleg postjournal og/eller NVEs nettsider.

NVE har motteke følgjande merknadar til søknaden:

Halsa kommune kan ikkje sjå at eit permanent løyve til vassuttak som omsøkt, vil ha merkbart negative konsekvensar i forhold til gjeldande arealplanar for området eller bruken av området. Halsa kommune påpeikar at dei eig fallrettane i Sandåa og at det i avtalen om vassforsyning med settefiskanlegget er eit punkt som regulerer forholda om kommunen ynskjer å utnytte vassdraget til kraftproduksjon. Kommunen er i ein prosess der dei ser på moglegheita for å byggje småkraftverk i vassdraget. Kommunen ber om at NVE ved eit løyve til uttak av vatn til settefiskproduksjon tek omsyn til dette.

Fylkesmannen i Møre og Romsdal har ikkje vesentlege merknadar til at Lerøy Midnor AS, avd. Botn Settefisk, får halde fram med å nytte Sandåa som tilleggsvasskjelde. Fylkesmannen føreset likevel at minstevassføringa framleis blir minimum 100 l/s og at det snarast blir etablert automatisk logging av vassføringa.

Mattilsynet er oppteken av at vasstilgangen er tilstrekkeleg til at anlegget sikrar god velferd og helse til fisken til anlegget. Mattilsynet er ikkje kjent med at vasstilgangen har vore ein avgrensande faktor i drifta på anlegget slik anlegget er drifta i dag.

Tilleggsopplysningar

Søkjar har i brev av 11.10.2012 komme med følgjande kommentarar til høyringsuttalane:

"Vårt tilsvaer på de enkelte høyringsuttalelsene:

Fylkesmannen i Møre og Romsdal

I sin høringsuttalelse til konsesjonssøknaden skriver Fylkesmannen i Møre og Romsdal på bakgrunn av vår søknad følgende:

«Sandåa som ekstravassskjelde vil bli nytta under biomassetoppane i uke 28, 29 og 30 (juli), samt i uke 38 og 39 (siste halvdel av september).»

Vi ønsker å understreke at betegnelsen «ekstravassskjelde» er noe upresis. Reinslivatnet har vært og vil være hovedvannkilden til settefiskanlegget, og Sandåa tilleggsvannkilde. Sandåa blir brukt ved biomassetopper i settefiskanlegget og når det er lite vann i Reinslivatnet. Det vil si at ved lite tilsig og synkende vannstand i Reinslivatnet ønsker vi å ha mulighet til å ta vann fra Sandåa for å redusere uttaket fra Reinslivatnet. På denne måten kan vi hindre at magasinet i Reinslivatnet går under LRV, eller vi kan øke magasinet i perioder.

Lerøy Midnor ønsker ikke økt samlet vannuttak til anlegget, men et avveid (dynamisk) uttak i forhold til vannstand, tilsig og minstevannføring i Reinslivatnet og biomassetopper ved anlegget i henhold til den praksis som har vært tidligere.

Med de store variasjonene i nedbørsmengde er det helt utenkelig og helt urimelig å fastsette vannuttaket til spesifikke perioder i praksis. Fylkesmannen refererer til ukenummer i søknaden i sin høringsuttalelse, men dette kan på ingen måte oppfattes som statisk men som en modell i et normalår. Temperaturforskjeller og store forskjeller i nedbørsmengde vil alltid føre til ulikheter fra år til år i hvordan vannuttaket fra Sandåa vil være i praksis.

Halsa Kommune

Lerøy Midnor har ikke planer om å drifte vannuttaket annerledes enn angitt i søknaden slik at den berørte delen av Sandåa vil være som den har vært før søknaden. Halsa Kommune som eier av fallrettighetene i Sandåavassdraget er i en mulig prosess vedr. mulig utbygging av småkraftverk i vassdraget, anslått årsproduksjon vel 15 GWh.

Halsa Kommune skriver:

"Ber om at NVE ved sin tillatelse til uttak av vann til settefiskproduksjonen tar hensyn til dette forholdet, bl.a. ved at vannuttak til settefiskproduksjonen normalt skal skje til fastsatte og korte perioder i året".

I samtale med kommunalsjef Odd Erik Hyldbakk 11.10.12 uttalte han at planlagt kraftverk ikke vil komme i konflikt med settefiskproduksjonen ved at kraftverket er planlagt plassert ovenfor settefiskanleggets vanninntak. Avløpet etter turbinene er planlagt lagt til den kulpen der vanninntaket til settefiskanlegget har inntaksrøret. Disse planene er vedtatt i Formannskapet i Halsa Kommune og skal til behandling i kommunestyret 18.10.12. Odd Erik Hyldbakk sa også at det ikke er kommunens intensjon å redusere muligheten for å ta ut vann for settefiskanlegget.

I og med at det ikke er motstridene interesser mellom kraftproduksjon og produksjon av settefisk kan ikke vi se at begrensning i muligheten til å ta ut vann til fastsatte og korte perioder i året vil være nødvendig. Vi viser for øvrig til presisering av vannuttak i kommentar til høringsuttalelser fra Fylkesmannen i Møre og Romsdal.

Mattilsynet

Vi har ingen kommentar til høringsuttalelse fra Mattilsynet."

NVEs vurdering

Hydrologiske verknader av utbygginga

Sandåa er eit kystnært vassdrag med markert vårflaumperiode, men vassdraget kan også ha større eller mindre flaumepisodar i løpet av hausten og vinteren. Den mest markerte lågvassførsingsperioden er på ettervinteren, men det kan også vere lite vatn i elva på seinsommaren. Settefiskanlegget vil nytte eit nedbørfelt på 23,4 km² ved inntaket i Sandåa, middelvassføringa er berekna til 1,30 m³/s. 5-persentil sommar- og vintervassføring er høvesvis 292 og 243 l/s. Alminneleg lågvassføring for vassdraget ved inntaket er berekna til 117 l/s.

Lerøy Midnor AS nyttar Reinslivatnet som hovudvasskjelde og har løyve etter vassressurslova til uttak av vatn og regulering av Reinslivatnet. Reguleringshøgda er 2,5 m og vassforbruket skal ikkje overstige 15 m³/min. Det skal sleppast ei minstevassføring på 25 l/s heile året frå Reinslivatnet til Tverråa. Inntaket i Sandåa skal i utgangspunktet fungere som ei tilleggsvasskjelde under biomassetoppar i produksjonen. Utover dette vil det vere aktuelt å ta vatn frå Sandåa dersom ein nærmar seg LRV i hovudvasskjelda i Reinslivatnet.

Settefiskanlegget har over fleire år nytta Sandåa som tilleggsvasskjelde. Botn Settefisk AS fekk den 08.03.1996 løyve etter vassdragslova til å ta ut vatn frå elva Sandåa. Det vart sett krav til ei minstevassføring i elva på 6 m³/min (100 l/s). Løyvet hadde ein gyldigheit på 15 år og gjekk ut 08.03.2011. Selskapet har no eit mellombels løyve til å ta ut vatn frå Sandåa i påvente av denne søknaden om eit permanent løyve.

Det vert søkt om eit vassuttak tilsvarende løyvet av 08.03.1996, med slepp av ei minstevassføring på 100 l/s heile året. Inntaket i Sandåa skal nyttast som ei tilleggsvasskjelde under biomassetoppar i produksjonen. Dette vil seie i periodar der vassbehovet til anlegget kjem over 15 m³/min (250 l/s) som er grensa for kva anlegget har kapasitet til å ta ut frå Reinslivatnet. Ut frå produksjonsplan vil ein ved biomassetoppar komme opp i eit vassbehov kring 20 m³/min, dvs. at Sandåa då må bidra med kring 5 m³/min. I dei aller fleste periodar vil Sandåa kunne nyttast som tilleggsvasskjelde og bidra med inntil 5 m³/min (83 l/s), eller meir. Dersom ein biomassetopp kjem i ein langvarig tørkeperiode vil vassføringa i Sandåa kunne vere ned mot krav til minstevassføring på 100 l/s eller enno mindre. Sandåa vil då ikkje kunne nyttast som tilleggsvasskjelde og anlegget må då gjennomføre tiltak for å spare vatn. Tiltak for å spare vatn er ikkje skildra i søknaden.

Vassuttaket frå Sandåa er av moderat storleik og maksimal slukeevne gjennom røyra er av søkjar berekna til 0,24 m³/s, noko som utgjer 18 % av middelvassføringa. Vassføringa i Sandåa vil i store delar av året åleine kunne sikre nok vatn til settefiskanlegget og såleis bidra til at vasstanden og bufferkapasiteten i Reinslivatnet kan haldast høg. NVE meiner at ein ved god hushaldning av vatnet i Reinslivatnet, der ein til ei kvar tid freistar å ha høg vasstand i magasinet ved inngangen til tørkeperiodar, kan unngå å ta ut vatn frå Sandåa ved låg vassføring. Periodar med slepp av berre minstevassføring på 100 l/s vert då minimert.

NVE vurderer at eit uttak i Sandåa slik som omsøkt vil sikre nok vatn under biomassetoppar og bidra til at vasstanden i Reinslivatnet og bufferkapasiteten i tørre periodar vert styrka.

Naturens mangfald

Det vandrar sjøaure og laks opp i nedre delar av Sandåa. Fisk kan vandre om lag 700 m opp i elva, til ein foss som utgjer vandringshinder for anadrom fisk. Aqua Kompetanse AS har i samband med søknaden gjennomført ei kartlegging av fiskebestanden og om det finnast elvemusling på den planlagt

utbygde strekninga. Undersøkinga viser at bestanden av aure er låg og laksebestanden er vurdert som svært låg. Det vart ikkje registrert elvemusling.

Fylkesmannen viser til at det ligg føre granskingar av fiskebestanden på anadrom strekning både før (1986, 1988, 1989) og etter (2011) at vassinntaket vart etablert. Ut frå resultata meiner dei det er vanskeleg å sjå så tydelege (signifikante) skilnader at ein kan påstå at vassuttaket har hatt vesentlege verknadar på anadrom fisk. Fylkesmannen meiner ut frå dette at ei vidareføring av dagens regime med minstevassføring på 100 l/s neppe vil få vesentlege konsekvensar for fiskebestanden.

Det er ikkje registrert viktige naturtypar eller sjeldsynte artar knytt til influensområdet. I søknaden er det vist til Halså kommune som opplyser at området inst i Valsøybotn vart kartlagt for nokre år sidan i samband med registrering av flora og fauna. Det vart i den samanheng ikkje registrert viktige naturtypar eller raudlista artar. Det vert også vist til at området er prega av fattig berggrunn, noko som gjenspeglar seg i både flora og fauna. Fylkesmannen kjenner heller ikkje til særskilte naturfaglege registreringar i området.

Inngrep med vassinntak og røyrgate er allereie etablert, og vassuttaket har vore nytta i same omfang sidan 1996. NVE vurderer at ei vidareføring av vassuttaket slik det har vore fram til i dag ikkje vil få ytterlegare negative verknadar for biologisk mangfald.

Forholdet til naturmangfoldlova

Alle instansar med myndigheit innan forvaltning av natur, eller som tek avgjersler som har verknad for naturen, er pliktige å vurdere det planlagde tiltaket opp mot naturmangfoldlova sine relevante paragrafar. I NVE si vurdering av søknaden om uttak av vatn til Botn settefiskanlegg legg vi til grunn bestemmingane i naturmangfoldlova §§ 4 og 5 samt §§ 8-12.

Kunnskapen om naturmangfaldet og effekt av ev. påverknad er basert på den informasjonen som er lagt fram i søknaden, miljørapport, høyringsuttalar, samt NVE sine egne erfaringar. NVE har også gjort egne søk i tilgjengelege databasar som Naturbase og Artskart den 7.5.2013. Etter NVE si vurdering er det innhenta tilstrekkeleg informasjon til å kunne vurdere tiltaket sitt omfang og verknadar på det biologiske mangfaldet, og dermed også til å kunne fatte vedtak. Samla sett meiner NVE at kunnskapsgrunnlag er godt nok utgreidd, jamfør naturmangfoldlova § 8.

I influensområdet til Botn Settefisk sitt vassuttak i Sandåa er det ikkje registrert viktige områder for biologisk mangfald. Eit uttak av vatn frå Sandåa vil etter NVE si meining ikkje vere i konflikt med forvaltningsmålet for naturtypar, artar eller økosystemet gjeve i naturmangfoldlova §§ 4 og 5.

Etter NVEs vurdering føreligg det tilstrekkeleg kunnskap om verknadar tiltaket kan ha på naturmiljøet, og NVE meiner at naturmangfoldlova § 9 (føre-var-prinsippet) ikkje skal tilleggast særleg vekt.

Landskap/friluftsliv/brukarinteresser

Langsetter Sandåa er det ein del vegetasjon, noko som gjer til at elva er lite eksponert i landskapet. Fossen nedstraums inntaket er godt synleg frå nærområdet, men utgjer ikkje noko sentralt landskapselement.

Området nedanfor fossen vert nytta som badeplass/samlingsstad for ungdom. Det vert også arrangert ein årleg utekonsert ved fossen. Konserten vert arrangert av historielaget og idrettslaget i Halså kommune. Det kan i periodar bli mindre vatn i fossen i samband med at settefiskanlegget tar i bruk vassuttaket ovanfor fossen. Sidan utescena ligg like ved fossefallet er det av stor betydning for konsertopplevinga at det vert oppretthalde ei normal vassføring i elva i tidsrommet for konserten. Konserten har blitt arrangert i fleire år og settefiskanlegget tek omsyn til arrangementet.

Det er ikkje noko utstrakt sportsfiske i elva.

Rørtraseen og vassinntak med inntakshus er installasjonar som allereie er bygd ut. Omgjevnadane vil difor ikkje bli ytterlegare påverka av eit permanent vassuttak frå Sandåa. NVE vurderer at landskap-, friluftsliv- og brukarinteresser ikkje vil bli vesentleg påverka av tiltaket.

Kulturminne

Det er ikkje registrert kulturminne i nær tilknytning til elva Sandåa. Eit arkeologisk minne er registrert noko sør for elva, og vil ikkje bli påverka av tiltaket. NVE vurderer at det omsøkte tiltaket ikkje vil påverke kulturminneverdiar. Vi viser elles til at tiltakshavar har ei undersøkingsplikt, jf. lov om kulturminne § 9. Dette punktet vert og fanga opp gjennom standard konsesjonsvilkår.

Vasskvalitet, vassforsynings- og resipientinteresser

Sandåa fungerer ikkje som drikkevasskjelde og forsyner ikkje andre tiltak med vatn. NVE kan ut frå dette ikkje sjå at tiltaket vil påverke kjende vassforsyningsinteresser.

Verknader for samfunnet

Sandåa som vasskjelde vil sikre nok vatn i periodar når det er høg biomasse ståande i anlegget. Dette gjer til at det kan produserast eit antal smolt opp mot det konsesjonen tillet, noko som igjen vil sikre vidare full sysselsetting i anlegget.

Anna

Halsa kommune eig fallrettane i Sandåa og er i ein prosess der dei ser på moglegheita for å byggje småkraftverk i vassdraget. Det planlagde kraftverket vil i følge Botn Settefisk ikkje komme i konflikt med settefiskanlegget, då kraftverket er planlagt med utløp ovanfor settefiskanlegget sitt vassinntak i Sandåa. NVE vurderer ut frå dette at det ikkje er motstridande interesser mellom kraftproduksjon og uttak av vatn til produksjon av settefisk.

Oppsummering

NVE ser positivt på at dagens vassuttak vert formalisert gjennom ein konsesjonsprosess. Rørtraseen, vassinntak og inntakshus er installasjonar som allereie er bygd ut. NVE vurderer at ei vidareføring av vassuttaket slik det har vore fram til i dag ikkje vil få ytterlegare negative verknadar for omgjevnadane. NVE meiner at det verken i søknaden eller i høyringsuttalane er kome fram noko som tilseier at tiltaket vil ha vesentlege ulemper for allmenne eller private interesser.

NVEs konklusjon

Etter ei heilskapleg vurdering av planane og dei innkomne uttalane meiner NVE at fordelane av det omsøkte tiltaket er større enn skadar og ulemper for allmenne og private interesser, slik at kravet i vassressurslova § 25 er oppfylt. NVE gjev Lerøy Midnor AS løyve etter vassressurslova § 8 til uttak av vatn frå Sandåa. Løyvet blir gjeve på nærare fastsette vilkår.

Dette vedtaket gjeld berre løyve etter vassressurslova.

Merknader til konsesjonsvilkåra etter vassressurslova*Post 1: Slepp av vatn*

Følgjande data for vassføring og slukeevne er henta frå konsesjonssøknaden og lagt til grunn for konsesjon gjeve av NVE og fastsetting av minstevassføring:

Middelvassføring	m ³ /s	1,3
Alminneleg lågvassføring	l/s	117
5-persentil sommar	l/s	292
5-persentil vinter	l/s	243
Største slukeevne (gjennom røyr)	l/s	240
Største slukeevne i % av middelvassføring	%	18

Tiltakshavar har foreslått at det skal sleppast ei minstevassføring tilsvarande tidlegare løyve av 08.03.1996, med slepp av ei minstevassføring på 100 l/s heile året. Det er etter det NVE kjenner til ikkje kome fram noko som tilseier at minstevassføringa bør endrast. NVE legg og vekt på at inntaket i Sandåa skal nyttast som ei tilleggsvasskjelde under biomassetoppar i produksjonen. Det vil såleis i store delar av året renne betydeleg meir vatn enn minstevassføringa på 100 l/s. Ei minstevassføring som foreslått vil sikre vassføring i Sandåa heile året og vil vere viktig med tanke på å sikre og oppretthalde biologisk mangfald knytt til elva. NVE vurderer foreslått minstevassføring som tilstrekkeleg. Ut i frå dette fastset NVE ei minstevassføring på 100 l/s heile året.

Det skal etablerast ei måleanordning for registrering av slepp av minstevassføring. Den tekniske løysinga for dokumentasjon av slepp av minstevassføring skal godkjennast av NVE. Plan for teknisk løysing må sendast NVE innan 1.9.2013, og måleanordning må vere i drift innan 01.10.2013. Data skal leggjast fram for NVE på førespurnad og oppbevarast så lenge anlegget er i drift.

Ved alle stader med pålegg om minstevassføring skal det setjast opp skilt med opplysningar om bestemmingar kring slepp av vatn som er lett synleg for ålmenta. NVE skal kvalitetssikre merking, utforming og plassering av skilta.

Vassuttak

Røyrkapasiteten frå inntaket i Sandåa til settefiskanlegget er berekna til 14,4 m³/min (240 l/s), noko som utgjer 18 % av middelvassføringa. Sandåa er tenkt nytta som ei tilleggsvasskjelde under biomassetoppar i produksjonen. Utover dette vil det vere aktuelt å ta ut vatn frå Sandåa dersom ein nærmar seg LRV i hovudvasskjelda i Reinslivatnet. NVE vurderer at eit uttak i Sandåa vil sikre nok vatn under biomassetoppar og bidra til at vasstanden i Reinslivatnet og bufferkapasiteten i tørre periodar vert styrka.

Det skal monterast vassmål i settefiskanlegget for dokumentasjon av vassforbruket innan 01.10.2013. Dette for at NVE skal kunne kontrollere forbruk i ettertid. Det er selskapet sitt ansvar å sjå til at vassforbruket er i samsvar med det uttaket løyvet gir rom for.

Post 4: Godkjenning av planar, landskapsforhold, tilsyn m.v.

NVE har gjeve konsesjon med følgjande føresetnadar:

Inntak (kote)	45 moh.
---------------	---------

Avlaup (kote)	0 moh., til sjø
Største slukeevne	240 l/s
Vassveg	Heilt nedgrave (eksisterande)

Dersom det vert naudsynt med nye fysiske vassdragsanlegg og hjelpeanlegg eller utbetring av eksisterande, skal planar for dette godkjennast av NVE før arbeidet kan settast i gong. Mindre endringar kan godkjennast av NVE som del av detaljplangodkjenninga. Detaljerte planar skal leggjast fram for NVE sitt regionkontor i Trondheim og godkjennast av NVE før arbeidet startar.

Post 5: Naturforvaltning

Vilkår for naturforvaltning blir teke med i konsesjonen sjølv om det i dag synast lite aktuelt å pålegge ytterligare avbøtande tiltak. Eventuelle pålegg i medhald av dette vilkåret må vere relatert til skadar forårsaka av tiltaket og stå i rimeleg forhold til storleiken og verknader av tiltaket.

Post 6: Automatisk freda kulturminne

NVE føreset at utbyggjar tar den nødvendige kontakt med fylkeskommunen for å klarere forholdet til kulturminnelova § 9 før innsending av detaljplan. Vi minner vidare om den generelle plikta om aktsemd med krav om varsling av aktuelle instansar dersom ein støyter på kulturminne i byggjefasen, jf. kulturminneloven § 8 (jf. pkt.3 i vilkåra).

Post 8: Tersklar m.v.

Dette vilkåret gjev heimel til å pålegge konsesjonær å etablere tersklar eller gjennomføre andre biotopjusterande tiltak dersom dette skulle vise seg å vere nødvendig.

Andre merknadar

”Forskrift om saksbehandling og kontroll i byggesaker” gjev saker som er underlagt konsesjonsbehandling etter vassressurslova fritak for byggesaksbehandling etter plan- og bygningslova. Dette føreset at tiltaket ikkje er i strid med arealdel i kommuneplan eller gjeldande reguleringsplanar. Forholdet til plan- og bygningslova må avklarast med kommunen før tiltaket kan setjast i verk.

Forholdet til EU sitt vassdirektiv i konsesjonshandsaming hjå sektormyndigheita

NVE har ved vurdering av om det skal gjevast konsesjon etter vassressurslova § 8 gjort ei vurdering av krava i vassforskrifta (FOR 2006-12-15 nr. 1446) § 12 knytt til ny aktivitet eller nye inngrep. I dette tilfellet er det ikkje snakk om verken ny aktivitet eller nye inngrep. Vassuttaket er etablert men har ikkje gyldig løyve etter vassdragslovgivinga. Eit løyve frå NVE etter vassressurslova vil innehalde ein del vilkår som på ein god måte vil sikre det biologiske mangfaldet i vassdraget, og såleis medverke til at kravet om god økologisk tilstand i den påverka delen av vassdraget vert innfridd. Ein konsesjon etter vassressurslova gir NVE heimel til å føre tilsyn med at vilkår som minstevassføring vert overhalde.

NVE har vurdert alle tiltak som praktisk let seg gjennomføre for å kunne redusere skadar og ulemper ved tiltaket. NVE har sett vilkår i konsesjonen som er vurdert eigna for å avbøte ei negativ utvikling i vassførekomsten. I vilkåra er det inkludert krav om minstevassføring og standardvilkår som etter post 5 i vilkåra gjev vassdragsmyndigheitene, medrekna DN/Fylkesmannen, høve til å gje pålegg om tiltak

som seinare kan betre tilhøva i det aktuelle vassdraget. NVE har vurdert samfunnsnyttan av inngrepet til å vere større enn skadane og ulempene ved tiltaket.